



## Møteprotokoll

---

|                  |                                                                         |
|------------------|-------------------------------------------------------------------------|
| <b>Utval:</b>    | Eldrerådet                                                              |
| <b>Møtestad:</b> | Haram kommune - Eidet omsorgssenter, Trolldalssletta 12, 6264 Tennfjord |
| <b>Dato:</b>     | 07.05.2026                                                              |
| <b>Tid:</b>      | kl 10:00 – 15:15                                                        |

---

### Faste medlemer som møtte:

Bengt Gustav Eriksson

Paula Næss Skår

Aina Therese Meisal

Geir Ove Leite

Frank Petter Stenløs

Inger Lise Nerland Skogstad

### Funksjon

Leiar

Nestleiar

Medlem

Medlem

Medlem

Medlem

### Representerer

PFMR

PFMR

NFMR

AP

V

FRP

### Forfall

Asmund Kristoffersen

### Representerer

PFMR

### Varamedlem

### Representerer

|                                                                  |          |
|------------------------------------------------------------------|----------|
| <b>Frå administrasjonen møtte på heile eller delar av møtet:</b> |          |
| Trine Oftedal                                                    | rådgiver |

Møtet blei sett med 6 medlemmer. Asmund Kristoffersen hadde ikkje meldt forfall, og det vart ikkje kalla inn vara.

### **Innkallinga vart godkjent utan merknadar**

#### **Godkjenning av sakliste**

Saklista vart godkjent med ny sak PS 15/26: Driftsmidler for budsjettåret 2027, foreslått av leiar Bengt Gustav Eriksson (Pensjonistforbundet)

- Det vart gjennomført fellesmøte mellom 10.00 og 14.00. Møtet vart opna av ordførar i Haram, Vebjørn Krogsæter
- Kvart enkelt råd presenterte seg, og fortalte litt om sine mest aktuelle saker.
- Det var befaring på Eidet omsorgssenter og heimetenesten
- Det vart gjennomført ein arbeidsverkstad kor ein samla inn informasjon til kartlegging av universell utforming, som fylkeskommunen har søkt midlar til. Universell utforming AS gjennomfører kartlegginga, og gjennomførte arbeidsverkstaden på vegne av UU AS.

## Saksliste

| Saksnr   | Sakstittel                                                                 |
|----------|----------------------------------------------------------------------------|
| SPU-     | Spørsmål                                                                   |
| PS-10/26 | Den kulturelle spaserstokken (DKSS) - oppfølginga av vedtak i fylkestinget |
| PS-11/26 | Uttale - meirverdiavgiftskompensasjon for organisasjonseigde kulturbygg    |
| PS-12/26 | Allmennkultur og idrett - ei analyse av ordninga for 2025                  |
| PS-13/26 | Fylkesstrategi for samferdsel 2027-2030 - etter høyring                    |
| PS-14/26 | Fylkesstrategi for kultur - meining, meistring og motstandskraft           |
| PS-15/26 | Driftsmidler for budsjettåret 2027                                         |
| RS-05/26 | Program - landskonferanse fylkeseldreråd 4. og 5. juni 2026 i Larvik       |
| RS-06/26 | Refleksjoner og ideer for fremtidige landskonferanser for fylkeseldreråd   |
| RS-07/26 | Årsmelding fra Pasient- og brukerombudet                                   |
| RS-08/26 | Protokollar - kommunale eldreråd                                           |
| RS-09/26 | Årsmelding for Volda eldreråd 2025                                         |
| GP-      | Godkjenning av protokoll                                                   |

Møtet vart heva kl. 15.15

## **SPU Spørsmål**

### **Eldrerådet 07.05.2026**

Det var ingen spørsmål i møtet.

## **PS 10/26 Den kulturelle spaserstokken (DKSS) - oppfølginga av vedtak i fylkestinget**

### **Eldrerådet 07.05.2026**

#### **Tilråding:**

1. Fylkestinget i Møre og Romsdal tek saka til orientering.
2. Fylkestinget ber fylkeskommunedirektøren jobbe vidare med ei ny kultursatsing med eldre som målgruppe, med mål om oppstart i 2027.
3. Fylkestinget ber fylkeskommunedirektøren orientere kultur- og folkehelseutvalet om status i arbeidet, seinast i novembermøte 2026.
4. Eldrerådet ber om lavterskeltiltak for eldre blir auka med 3 million frå 1/1-27.

#### **Behandling**

**Lavterskel for eldre , foreslått av Bengt Gustav Eriksson, Pensjonistforbundet Møre og Romsdal**

4) Eldrerådet ber om lavterskeltiltak for eldre blir auka med 3 million frå 1/1-27.

#### **Votering nr 1 - Votering over forslag**

Forslag: **Opprinnelig forslag**

**For:** 6 stemmer (100%) - AP 1, FRP 1, NFMR 1, PFMR 2, V 1

**Mot:** 0 stemmer (0%)

-----

## **Votering nr 2 - Votering over forslag**

Forslag: **TF - Lavterskel for eldre**

Bengt Gustav Eriksson (PFMR)

**For:** 6 stemmer (100%) - AP 1, FRP 1, NFMR 1, PFMR 2, V 1

**Mot:** 0 stemmer (0%)

## **Fylkeskommunedirektøren si innstilling:**

1. Fylkestinget i Møre og Romsdal tek saka til orientering.
2. Fylkestinget ber fylkeskommunedirektøren jobbe vidare med ei ny kultursatsing med eldre som målgruppe, med mål om oppstart i 2027.
3. Fylkestinget ber fylkeskommunedirektøren orientere kultur- og folkehelseutvalet om status i arbeidet, seinast i novembermøte 2026.

## **PS 11/26 Uttale - meirverdiavgiftskompensasjon for organisasjonseigde kulturbygg**

**Eldrerådet 07.05.2026**

### **Tilråding:**

1. Møre og Romsdal fylkeskommune viser til Stortinget sitt vedtak 571 (2025–2026), der regjeringa blir bedt om å vurdere ei eiga meirverdiavgiftskompensasjonsordning for frivillige organisasjonar som eig og driv kulturbygg. Møre og Romsdal fylkeskommune meiner dette er ei viktig og aktuell problemstilling, og støttar at spørsmålet blir vurdert vidare på nasjonalt nivå.
2. Idretten har i dag ei eiga ordning for meirverdiavgiftskompensasjon ved bygging og rehabilitering av idrettsanlegg, i tillegg til den generelle ordninga for drift og aktivitet. Frivillige organisasjonar som eig og driv kulturbygg har ikkje tilgang til ei tilsvarande investeringsretta ordning. Dette gir ulike rammevilkår for frivillige kultur- og idrettsaktørar, og gjer det krevjande å gjennomføre nødvendige investeringar, oppgraderingar og modernisering av organisasjonseigde kulturbygg.

3. Likeverdige rammevilkår er avgjerande for å sikre ein berekraftig og inkluderande frivillig sektor. Når både idrettslag og kulturorganisasjonar byggjer anlegg for fellesskapet, må rammevilkåra i større grad spegle dette. Utan dette blir meirverdiavgifta i praksis ein barriere for deltaking, inkludering og lokal aktivitet, særleg i mindre lokalsamfunn.
4. Møre og Romsdal fylkeskommune ber Kultur- og likestillingsdepartementet om å vurdere korleis meirverdiavgiftskompensasjonsordningane kan innrettast slik at organisasjonseigde kulturbygg får betre og meir likeverdige rammevilkår med idrettsanlegg. Anten gjennom ei utviding av eksisterande ordning for idrettsanlegg eller gjennom ei eiga ordning for kulturbygg, i samsvar med Stortinget sitt vedtak.

## **Behandling**

### **Votering nr 1 - Votering over forslag**

Forslag: **Opprinnelig forslag**

**For:** 6 stemmer (100%) - AP 1, FRP 1, NFMR 1, PFMR 2, V 1

**Mot:** 0 stemmer (0%)

### **Fylkeskommunedirektøren si innstilling:**

1. Møre og Romsdal fylkeskommune viser til Stortinget sitt vedtak 571 (2025–2026), der regjeringa blir bedt om å vurdere ei eiga meirverdiavgiftskompensasjonsordning for frivillige organisasjonar som eig og driv kulturbygg. Møre og Romsdal fylkeskommune meiner dette er ei viktig og aktuell problemstilling, og støttar at spørsmålet blir vurdert vidare på nasjonalt nivå.
2. Idretten har i dag ei eiga ordning for meirverdiavgiftskompensasjon ved bygging og rehabilitering av idrettsanlegg, i tillegg til den generelle ordninga for drift og aktivitet. Frivillige organisasjonar som eig og driv kulturbygg har ikkje tilgang til ei tilsvarande investeringsretta ordning. Dette gir ulike rammevilkår for frivillige kultur- og idrettsaktørar, og gjer det krevjande å gjennomføre nødvendige investeringar, oppgraderingar og modernisering av organisasjonseigde kulturbygg.
3. Likeverdige rammevilkår er avgjerande for å sikre ein berekraftig og inkluderande frivillig sektor. Når både idrettslag og kulturorganisasjonar byggjer anlegg for fellesskapet, må rammevilkåra i større grad spegle dette. Utan dette blir meirverdiavgifta i praksis ein barriere for deltaking, inkludering og lokal aktivitet, særleg i mindre lokalsamfunn.

4. Møre og Romsdal fylkeskommune ber Kultur- og likestillingsdepartementet om å vurdere korleis meirverdiavgiftskompensasjonsordningane kan innrettast slik at organisasjonseigde kulturbygg får betre og meir likeverdige rammevilkår med idrettsanlegg. Anten gjennom ei utviding av eksisterande ordning for idrettsanlegg eller gjennom ei eiga ordning for kulturbygg, i samsvar med Stortinget sitt vedtak.

## **PS 12/26 Allmennkultur og idrett - ei analyse av ordninga for 2025**

**Eldrerådet 07.05.2026**

### **Tilråding:**

1. Kultur- og folkehelseutvalet tek saka til orientering.
2. Kultur- og folkehelseutvalet ber fylkeskommunedirektøren vurdere endringar i søknadskjema og rapportering slik det går fram i saka, for å få eit betre grunnlag for styring, evaluering og prioritering.

### **Behandling**

#### **Votering nr 1 - Votering over forslag**

Forslag: **Opprinnelig forslag**

**For:** 6 stemmer (100%) - AP 1, FRP 1, NFMR 1, PFMR 2, V 1

**Mot:** 0 stemmer (0%)

### **Fylkeskommunedirektøren si innstilling:**

1. Kultur- og folkehelseutvalet tek saka til orientering.
2. Kultur- og folkehelseutvalet ber fylkeskommunedirektøren vurdere endringar i søknadskjema og rapportering slik det går fram i saka, for å få eit betre grunnlag for styring, evaluering og prioritering.

## **PS 13/26 Fylkesstrategi for samferdsel 2027-2030 - etter høyring**

**Eldrerådet 07.05.2026**

### **Tilråding:**

Fylkestinget vedtar fylkesstrategi for samferdsel 2027-2030 som vedlagt.

Bo trygt lengre hjemme forutsetter at staten øker sine bevilgninger til samferdsel. Det finnes mange flaskehalser i samferdsel som gir begrensninger. Økte statlige bevilgninger vil gi bedre tilgjengelighet for eldre og mennesker med nedsatt funksjonsevne i samferdselssektoren.

### **Behandling**

**Økte statlige bevilgninger, foreslått av Bengt Gustav Eriksson, Pensjonistforbundet Møre og Romsdal**

Bo trygt lengre hjemme forutsetter at staten øker sine bevilgninger til samferdsel. Det finnes mange flaskehalser i samferdsel som gir begrensninger. Økte statlige bevilgninger vil gi bedre tilgjengelighet for eldre og mennesker med nedsatt funksjonsevne i samferdselssektoren.

### **Votering nr 1 - Votering over forslag**

Forslag: **Opprinnelig forslag**

**For:** 6 stemmer (100%) - AP 1, FRP 1, NFMR 1, PFMR 2, V 1

**Mot:** 0 stemmer (0%)

-----

### **Votering nr 2 - Votering over forslag**

Forslag: **TF - Økte statlige bevilgninger**

Bengt Gustav Eriksson (PFMR)

**For:** 6 stemmer (100%) - AP 1, FRP 1, NFMR 1, PFMR 2, V 1

**Mot:** 0 stemmer (0%)



**Fylkeskommunedirektøren si innstilling:**

Fylkestinget vedtar fylkesstrategi for samferdsel 2027-2030 som vedlagt.

**PS 14/26 Fylkesstrategi for kultur - mening, meistring og motstandskraft**

**Eldrerådet 07.05.2026**

**Tilråding:**

1. Fylkestinget vedtar Fylkesstrategi for kultur – mening, meistring og motstandskraft
2. Fylkesstrategi for kultur – mening, meistring og motstandskraft gjeld fram til 2030
3. Fylkeskommunedirektøren får fullmakt til å redigere dokumentet grafisk etter handsaminga i fylkestinget.

**Behandling****Votering nr 1 - Votering over forslag**

Forslag: **Opprinnelig forslag**

**For:** 6 stemmer (100%) - AP 1, FRP 1, NFMR 1, PFMR 2, V 1

**Mot:** 0 stemmer (0%)

**Fylkeskommunedirektøren si innstilling:**

1. Fylkestinget vedtar Fylkesstrategi for kultur – mening, meistring og motstandskraft
2. Fylkesstrategi for kultur – mening, meistring og motstandskraft gjeld fram til 2030
3. Fylkeskommunedirektøren får fullmakt til å redigere dokumentet grafisk etter handsaminga i fylkestinget.

## **PS 15/26 Driftsmidler for budsjettåret 2027**

**Eldrerådet 07.05.2026**

### **Tilråding:**

Fylkeseldrerådet tar til orientering at Fylkestinget har gjort bevilgninger for intrereseorganisasjoner innenfor helse med en million innfor budsjettperioden 2026 - 2029.

### **Behandling**

**Driftsmidler for budsjettåret 2027, foreslått av Bengt Gustav Eriksson, Pensjonistforbundet Møre og Romsdal**

Fylkeseldrerådet tar til orientering at Fylkestinget har gjort bevilgninger for intrereseorganisasjoner innenfor helse med en million innfor budsjettperioden 2026 - 2029.

## **RS 05/26 Program - landskonferanse fylkeseldreråd 4. og 5. juni 2026 i Larvik**

**Eldrerådet 07.05.2026**

### **Behandling**

Eldrerådet tok saka til orientering.

## **RS 06/26 Refleksjoner og ideer for fremtidige landskonferanser for fylkeselderåd**

**Eldrerådet 07.05.2026**

### **Behandling**

Eldrerådet tok saka til orientering.

## **RS 07/26 Årsmelding fra Pasient- og brukerombudet**

**Eldrerådet 07.05.2026**

### **Behandling**

Eldrerådet tok saka til orientering.

## **RS 08/26 Protokollar - kommunale eldreråd**

**Eldrerådet 07.05.2026**

### **Behandling**

Eldrerådet tok saka til orientering.

## **RS 09/26 Årsmelding for Volda eldreråd 2025**

**Eldrerådet 07.05.2026**

### **Behandling**

Eldrerådet tok saka til orientering.

## **GP Godkjenning av protokoll**

**Eldrerådet 07.05.2026**

### **Vedtak**

Utvalet gikk gjennom protokollen som vart samrøystes godkjend i møtet.